



Arkivsak 200708749-1
Arkivnr. 523
Saksh. Lisen Ringdal Strøm, Janne

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	03.12.2007

HØRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM REFUSJONSSATSAR FOR OPPLÆRING AV ELEVAR I BARNEVERNINSTITUSJONAR UTANFOR HEIMFYLKET

SAMANDRAG

Frå 01.01.2007 har den einskilde fylkeskommune hatt ansvaret for all opplæring til elevar som bur i institusjonar etter barnevernlova i sitt fylke jf Opplæringslova § 13-2. Det har hatt konsekvensar for dei økonomiske rammeoverføringane til fylka. Mange fylkeskommunar har reagert sterkt på den fordelingsmodellen som kunnskapsdepartementet har brukt.

Kunnskapsdepartementet har no skissert eit forslag til fordelingsmodell om dei økonomiske kostnadene for elevar som mottar opplæring i barnevernsinstitusjon kor vertsfylkeskommunen kan få refundert sine utgifter etter faste satsar.

FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fylkeskommune ønskjer at det blir oppretta ei refusjonsordning for elevar i institusjon som får opplæring på grunnskolen sitt område, med faste satsar som blir pris og indeksregulert årleg.

For elevar som bur i institusjon og som får opplæring på vidaregåande nivå ønskjer vi at den ordninga som er i dag, kor KS årleg fastset gjesteelevssatsar bør halde fram.

Vi støttar at det blir sett faste satsar for refusjon av spesialundervisning i grunnskole og i vidaregåande skole. Refusjonsordninga må halde frå kvarandre satsar til grunnressurs og satsar til spesialundervisning.

Paul M Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

1. Høringsnotat, Forslag til forskrift om refusjonssatser for opplæring av elever i barneverninstitusjoner utenfor hjemfylket

FYLKESRÅDMANNEN, 16.11.2007:

Opplæringsavdelinga har motteke eit høringsnotat frå Kunnskapsdepartementet om forslag til forskrift om refusjonssatsar for opplæring av elevar i barnevernsinstitusjonar utanfor heimfylket.

Etter opplæringslova § 13-2 har fylkeskommunane sidan 01.01.2007 hatt plikt til å syte for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova.

I saker kor det blir gjort vedtak om plassering i institusjonar etter barnevernlova, er det fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring.

Etter 01.01.2007 har Kunnskapsdepartementet omfordelt midlar til opplæring for elevar i barnevernsinstitusjonar. For Hordaland fylkeskommune har dette ført til ein reduksjon på omlag 10 millionar i året.

Utfordringar i Barnevernet

Opplæringsavdelinga har registrert at det i Hordaland er ei opptrapping i barnevernet av plassar for elevar med store sosial og emosjonelle vanskar. Døme på dette er etablering av Bergen Ungdomssenter på Nattland og utviding av talet på plassar ved Øvsttunsenteret. Vi har også fått melding om fleire nye plassar i Sunnhordlandsregionen. Alle desse institusjonane har inntak frå heile Bufetat region Vest, som er Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Mange av desse elevane har omfattande vanskar. Det er svært ressurskrevjande å gje elevane eit forsvarleg opplæringstilbod. I Hordaland har endringane i overføring frå staten medført at det ikkje er samsvar mellom våre faktiske utgifter og dei rammeoverføringane vi får til denne oppgåva, noko som har medført store budsjettoverskridingar på dette området.

Satsar for refusjon for elevar i Barnevernet på grunnskolen sitt område

Det har vore eit problem at kommunane som eleven blir busett i brukar ulike satsar på grunnressurs og timesatsar til spesialundervisning. For elevar som har rett til spesialundervisning har det også vore ein tendens til at kommunane krev meir ressursar til spesialundervisning når eleven flyttar inn i institusjon enn det eleven hadde vedtak om når kommunen hadde ansvaret.

Refusjonsordninga vil ikkje endre på dette, men vil innebere at fylkeskommunane kan få refundert utgifter til elevar som kjem frå andre fylkeskommunar opp til ein viss sum. Ut frå dei kostnadene vi har på opplæring for elevar i grunnskolen, meiner vi at satsane i mange av sakene vil vere akseptable og vil kunne dekke våre kostnader. Vi vil understreke at vi årleg har fleire saker som har mykje høgare kostnader enn det som er skissert i den høgaste satsen.

Satsar for refusjon for elevar i Barnevernet i vidaregåande opplæring

Fylkeskommunane har seg imellom røyntle med å selje og kjøpe opplæringstilbod. Praksis for kjøp og sal av elevplassar gjeld ei mykje større gruppe enn dei elevane som er busett i institusjonar. Elevar som søker tilbod i andre fylkeskommunar kan vere elevar som er i fosterheim, elevar som søker spesialiserte utdanningar eller som av sosial/medisinske grunnar etter tilråding treng å flytte til eit anna fylke for kortare periodar. KS set årlege satsar for kjøp av undervisningstenester, også kalla gjesteelevssatsar.

Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje andre gjesteelevssatsar for elevar som er busett i barnevernsinstitusjonar enn dei som er for andre elevar som søker opplæring utanfor fylkeskommunen. Etter vår vurdering vil den skisserte satsen på 83.000,- i snitt vere lågare enn det vi får refundert i gjesteelevsoppgjøret i dag. Etter vår vurdering vil innføring av ein til type sats gjere refusjonsoppgjøret meir komplisert enn det er i dag.

Spesialundervisning og ordinær opplæring

Når det gjeld satsar for å få refundert utgifter til spesialundervisning meiner vi at dette kan forenkla gjesteelevsoppgjøret mellom fylka både når det gjeld opplæring i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

I refusjonsoppgjør er det naudsynt at det blir laga ei ordning kor grunnressurs for opplæring og midlar til spesialundervisning blir halde frå kvarandre, ettersom dette er midlar frå/til ulike budsjettpostar.

Vi ser at ein fare med ordninga er at refusjonssatsane kan bli styrande for den enskilde elev sin rett til spesialundervisning. Retten til spesialundervisning skal vere ein individuell rett, der enkeltvedtaket blir styrt av eleven sitt individuelle behov og ikkje av økonomiske rammer.